



Foto: Nick Dugan

12. november

BARNELITTERÆR FORMIDLINGSFEST

Rica Sunnfjord Hotel

LITTERÆR SALONG

med Finn Tokvam

Førdehuset og Pikant



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Fylkesbiblioteket



Førde kommune
- Ei drivkraft med menneska i sentrum

Samlaget

BARNELITTERÆR FORMIDLINGSFEST

Velkommen til litterær formidlingsfest i Førde! Vi feirar den nynorske barne- og ungdomslitteraturen i nynorskbyen Førde, med eit program som vil løfte deg ut av kvardagen, inn i bøkene - der det fantastiske kan skje!

Vertskap for dagen er fylkesbiblioteksjef Siri Ingvaldsen og leiar ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa Torgeir Dimmen.

Program

- 11:30 **Registrering**
- 12:00 **Lunsj med litterære overraskingar**
- 13:00 **Opning ved Åshild Kjelsnes, fylkesordførar i Sogn og Fjordane**
- 13:10 **Den nynorske barnelesaren sine ukrenkjelege rettar**
ved forlagssjef Ragnfrid Trohaug i Det Norske Samlaget
- 13:30 **Språkleikande born. Frå munnleg til skriftleg språkveksling**
ved professor ved UiTromsø, Øystein Vangsnes
- 14:15 **Pause med nynorsk barneboktorg og utstillingar**
Bla i nye bøker og ta med deg informasjon heim frå Mangschou, Selja, Skald , Det Norske Samlaget, Kulturavisa Pirion, Bokbyen i Fjærland, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og fleire
- 14:30 **Kunsten å velje nynorskbok**
Om føresetnader for god formidling og nye, gode bøker, ved prosjektleiar og formidlar Anne-Stefi Teigland, Bergen Offentlige Bibliotek
- 15:15 **Pause med barneboktorg og utstillingar**
- 15:30 **Flora les!**
Om formidlingssamarbeid på tvers. Ved rektor Bjørg Aslaksen og lærar og skulebibliotekar Torhild Madsen ved Krokane skule
- 16:15 **Nettverk for nynorsk leseglede**
Presentasjon av satsinga "Nynorske lesegleदारar" og forumet "Formidling av barne- og ungdomslitteratur" ved fylkesbiblioteksjef Siri Ingvaldsen og formidlar Janne Karin Støylen ved Nynorsksenteret
- 16:45 **Takk for skifte!**
Oppsummering ved leiar i Hovudutval for kultur i Sogn og Fjordane Nils Gjerland
- 17:00-17:30 **Pause med saltmat og søtmat**

Parallellsesjonar:

Ungdomslitteratur

- 17:30** **Frå ungdommen**
Om kriterium for kvalitet hjå ungdomslesaren ved Janne Karin Støylen, høgskulelektor ved Nynorsksenteret
- 18:00** **Ung melding ut**
Om LNK sitt litteraturformidlingsprosjekt i samarbeid med ungdomsskule-elevar ved Svein Olav Langåker, Framtida.no
- 18:30** **Kommentar frå leiar i Nynorsk avissenter, Ivar Longvastøyl**
- 18:45** **Pause med barneboktorg og utstillingar**
- 19:00** **Mental kondis**
Om litterære gevinstar for unge lesarar ved forfattar Bjørn Sortland
- 19:30** **Slutt**

Barnelitteratur


- 17:30** **Store forteljingar for små øyre**
Forfattar Bjørn Sortland om formidling av kunst- og litteraturhistorie gjennom barneboka
- 18:00** **Leselyst i Luster**
Om formidling i skule og bibliotek ved biblioteksjef Ellen Borch Veum, Luster bibliotek
- 18:30** **Pause med barneboktorg og utstillingar**
- 18:45** **Snøhumla Mille**
Presentasjon av biletboka ved forfattar Janne Marit Øye og illustratør Anne Angelshaug. Om tekst-skaping med born og samspelet mellom tekst og bilete
- 19:30** **Slutt**

LITTERÆR SALONG

Vertskap: Kultursjef i Førde kommune, Trond Ueland

- 20:30** **Gåtur gjennom nynorskbyen**
frå Rica Sunnfjord hotell, forbi kunstmuseet, langs elva gjennom parken til Førdehuset. Mottaking med forfriskingar på Førde bibliotek
- 21:00** **Folk & Finn i Førdehuset**
Finn Tokvam har med Bjørn Sortland og Ragnar Hovland til show og prat i sofaen. Ein tredje musikalsk og kreativ gjest kjem også, følg med!
- 22:30** **Boknatt på Pikant**
Finn og forfattarane signerer bøker for sal og slår av ein prat med publikum i hyggelege omgjevnader på Pikant-loftet. Varme supper, godt brød og drikke på menyen!

Føredragshaldarar:



Ragnfrid Trohaug

Ragnfrid Trohaug har vore redaktør for barne- og ungdomslitteratur i Samlaget sidan 2006. Ho har bakgrunn som barne- og ungdomsbokforfattar og er for tida fungerande forlogssjef i Det Norske Samlaget.

🕒 13:10 Sunnfjord hotel
Den nynorske barnelesaren sine ukrenkjelege rettar



Øystein Vangsnes

Øystein Vangsnes er dr.art. i lingvistikk og arbeider som forskar ved Universitetet i Tromsø og professor II ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

🕒 13:30 Sunnfjord hotel
Språkleikande born. Frå munnleg til skriftleg språkveksling



Anne-Stefi Teigland

Anne-Stefi Teigland er litteraturvitar med barne- og ungdomslitteratur som spesialfelt. Ho har arbeidd som kritikal, forelesar, formidlar og forlagsredaktør, skrive fleire artiklar på fagområdet og har ni års fartstid som medlem/leiar av KKD-juryen. Ho arbeider som prosjektleiar/formidlar ved Bergen Offentlige Bibliotek.

🕒 14:30 Sunnfjord hotel
Kunsten å velje nynorsk bok: Om føresetnader for god formidling og nye, gode bøker



Bjørg Aslaksen

Bjørg Aslaksen er rektor ved Krokane skule. Skulen har gjennom fleire år hatt lesing som særskilt fokus, og var deltkarar i Program for skulebibliotekutvikling i regi Universitetet i Agder i perioden 2011-2013. Satsing på skulebibliotek har halde fram og er i dag politisk forankra i Flora kommune sin Kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020.

Torhild Ester Madsen

Torhild Ester Madsen er lærar og har 50% stilling som skulebibliotekar ved Krokane skule. Ho er i gang med vidareutdanning i skulebibliotekkunnskap ved Universitetet i Agder.

🕒 15:30 Sunnfjord hotel
Flora les!



Janne Karin Støylen

Janne Karin Støylen arbeider som litteraturformidlar ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Støylen er høgskulelektor med mellomfag i nordisk og master i barne- og ungdomslitteratur frå Høgskolen i Bergen.

🕒 17:30 Sunnfjord hotel
Frå ungdommen: Om kriterium for kvalitet hjå ungdomslesaren



Svein Olav Langåker

Svein Olav Langåker er redaktør for nyhende og debattavisa for unge, Framtida.no og prosjekt-leiar for Landsamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) sitt litteraturformidlingsprosjekt.

- 🕒 18:00 Sunnfjord hotel
Ung melding ut. Om LNK sitt litteraturformidlingsprosjekt i samarbeid med ungdomsskule-elevar



Ellen Borch Veum

Ellen Borch Veum har vore biblioteksjef ved Luster bibliotek sidan 2000. Er utdanna ved Høgskolen i Oslo og Akershus, bibliotek- og informasjonsvitskap. Har sidan studert nordisk samtids-litteratur og barnelitteratur ved Universitetet i Oslo, og held på med master i formidling.

- 🕒 18:00 Sunnfjord hotel
Leselyst i Luster. Om formidling i skule og bibliotek



Bjørn Sortland

Bjørn Sortland er utdanna sosionom og har studert ved Skrivekunstakademiet i Bergen. Sidan 1998 har han arbeidd som forfattar på fulltid. Sortland har skrivi ei lang rekkje barne- og ungdomsbøker, han er omsett til nær 20 språk og har mottatt mange norske og internasjonale litteraturprisar. Karakteristisk for Sortland sine bøker er den lette, humoristiske stilen og at han tek barn og unge sitt univers og problem på alvor.

- 🕒 17:30 Sunnfjord hotel
Store forteljingar for små øyre. Om formidling av kunst- og litteraturhistorie gjennom barneboka
- 🕒 19:00 Sunnfjord hotel
Mental kondis. Om litterære gevinstar for unge lesarar



Janne Marit Øye

Janne Marit Øye er frå Ørsta og er utdanna førskulelærar med vidareutdanning i arbeid på småskulesteget. Ho har arbeidd i barnehage og i barneskule, og er no tilsett som konsulent på biblioteket ved Høgskulen i Volda. Snøhumle Mille er debutboka hennar.

- 🕒 18:45 Sunnfjord hotel
Biletboka Snøhumla Mille. Om tekstskaping med born og samspelet mellom tekst og bilete



Anne Angelshaug

Anne Angelshaug er oppvaksen i Jølster og busett i Bergen. Ho er utdanna illustratør frå Falmouth College of Arts i Cornwall og er biletkunstnar. Sidan 1999 har ho jobba som frilans illustratør og driv no selskapet Naive Communication. I 2009 debuterte ho som biletbokillustratør med boka Torbjørn Isbjørn.

- 🕒 18:45 Sunnfjord hotel
Biletboka Snøhumla Mille. Om tekstskaping med born og samspelet mellom tekst og bilete



Folk & Finn

Finn Tokvam inviterer kjende fjes og stemmer til show og prat i sofaen, krydra med musikalske innslag. På sitt særeigne vis let han oss komme halvtett inn på heiltinteressante personar. Kort sagt topp underhaldning.

Finn Tokvam er journalist, musikal og forfattar, kjend frå Radio Røynda og P.i.l.s. på NRK, som spaltist i Bergens Tidende og vokalist i populærorkesteret Finn-Erix. Han har skrive bøker og dansa seg inn i hjarta til folk flest. Som journalist, kåsør og humorist har han gjort ei rekkje intervju med kjende personar dei siste tjue åra.

🕒 21:00 Førdehuset

Folk & Finn. Finn Tokvam har med Bjørn Sortland og Ragnar Hovland til show og prat i sofaen.

Ein tredje musikalsk og kreativ gjest kjem også, følg med! (Kjøp billetter til Folk & Finn på Førdehuset)

Påmelding og informasjon:
BARNELITTERÆR FORMIDLINGS-
SALONG i Førde 12. november
på <http://fylkesbiblioteket.sfj.no/formidlingsfest>
Påmelding innan 5. november



Bli også med på IBBY: Presentasjon av årets barne- og ungdomsbøker 13. november!